

Standardar for den gode Førdebarnehagen

For å sikre konkretisering av det vidare arbeidet med kvalitet har vi med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen definert 5 standarder som skal gjelde for alle barnehagar i kommune.

- Barnehagen legg til rette slik at foreldre og barn medverkar i planlegging, vurdering og utvikling av tilbodet.
- Barnehagen ser på barn som unike, kompetente og aktive i eiga læring og utvikling.
- Barnehagen gir eit tilrettelagt og trygt tilbod tilpassa det enkelte barn.
- Barnehagen har eit innhald som gir barna relevant kompetanse gjennom leik, læring og opplevingar.
- Barnehagen skal vere ein aktiv part i barna sitt oppvekstmiljø, og ta vare på nasjonal og lokal barnekultur.



Solvang barnehage

Kvalitetshandbok

Handboka skal ver eit dokument som er med på å synleggjere målet for kva barnet skal få oppleve den tida dei er i barnehagen. Den skal vere ein reiskap for personalet, som viser korleis vi skal nå måla.

Handboka inneheld mål for kvar enkelt aktivitet i barnehagen.

Personalet skal få opplæring i innhaldet ved tilsetting.

Handboka skal også innehalde eit vurderingssystem.

1. Innleiing

Solvang Barnehage er ein to avdelings heildagsbarnehage, med barn frå 2 – 6 år. Sunnfjord Folkehøgskule eig og driv barnehagen, og barnehagen ligg på skulen sitt område. Førde kommune disponerar alle barnehageplassane.

2. Kvalitetsarbeidet i Solvang Barnehage?

Trivsel og tryggleik er ein føresetnad for utvikling. For at barna skal oppleve trivsel er det viktig at dei opplever å bety noko, at dei er verdsett. Derfor er det eit viktig mål at alle skal oppleve "konsentrert merksemd" gjennom av dagen. Med konsentrert merksemd meiner vi at barnet kvar dag skal oppleve at ein av dei vaksne bryr seg om "det og er opptatt av", og om "eg har det godt".

Personale i Solvang Barnehage er einige om at kvaliteten ligg i

"møtet"

Møtet mellom barn

Møtet mellom barn og personalet

Møtet mellom personalet

Møtet mellom foreldra og personalet.

” Korleis vi menneske omgår kvarandre, korleis vi opplever oss sjølv i samspel med andre, og korleis andre opplever seg sjølv i samspel med oss, måten vi kommuniserer på, og korleis vi er som modellar for barn, er noko av det viktigaste i verda!”

Kari Pape

Korleis oppretthalde kvalitet?

Målet er å ha eit personale som er kvalifisert til denne jobben.

Gjennom synleggjering av måla med den enkelte aktivitet i barnehagen, ynskjer vi å bevisstgjere personalet på rolla si. I tillegg legg vi vekt på sosialkompetanse, språk og kommunikasjon og barneperspektivet i arbeidet vårt.

3. Dei fem fagområda

a. Mål for fysisk aktivitet og helse:

- Alle barna skal få høve til å bruke kroppen i allsidig fysisk aktivitet ute og inne, heile året.
- Gjennom fysisk aktivitet er det viktig at barnet får oppleve meistring
- Utvikle kroppskontroll, eit positivt syn på seg sjølv og tilegnar seg gode vanar.
- Det er viktig at barna utviklar tryggleik og trivsel i skogen.
- Personalet må vere meir bevisst på kvar dei er og kva dei held på med.
- Barnehagen fornyar puterommet og reglane for bruken av dei.

Døme: Turar i skog og mark, leik ute og inne, gymnastikksal, bading, etc mat, påkledning, vaske seg m.m.

b. Mål for estetisk oppseding:

- Hjelp barna til undring, gi næring til fantasi, stille spørsmål
- Hjelp barna til skaparglede, la dei få oppleve ulikemåtar å uttrykke skaparglede på
- Hjelp barna å utvikle kommunikasjonsevne og variert uttrykk gjennom skapande merksemd i språk, bilete, ord, song og musikk, rytmikk, dans og drama
- Prosessen er viktigare enn produktet. Samtidig må den vaksne hjelpe barnet å sjå at dei kan lage eit produkt, så ikkje prosessen tek overhand.

Døme: Opplevingar i naturen, forming: teikning, snikring, måling, songstund, høyre på kassett, gymnastikk og samlingsstund.

c. Mål for språk, tekst og kommunikasjon:

- Gje barna allsidige erfaringar og opplevingar, som gir grunnlag for språk- og begrepslæring
- Gje kunnskap som stimulerer til kunnskap og viteberjer
- Bli kjende med symbol som tal og bokstavar
- Utviklar eit tilhøve til tekst som kjelde til kunnskap og estetisk oppleving

- Gje barnet oppleving av å leike med språket , for eksempel rim, regler og vitsar. Sjå at eit ord kan ha fleire tydingar.
- Gje barnet evne til å reflektere/undre seg
- Den vaksne bør ikkje snakke til barna, men *med* barna.

Døme: Høgtlesing, samlingsstund, turar, forming, viseforteljing, og konsentrert merksemd. Turreferat, kims-leik og eventyrkassene

d. Mål for samfunn religion og etikk:

- Medverke til at barna blir kjende med nærmiljøet: Korleis ulike funksjonar og arbeidsplassar er viktige i kvardagslivet.
- La borna få røynsle med at alle menneske er delar av fellesskapet og gjennom handling få yta sitt til fellesskapet.
- Få oppleve å verte høyr/lytta til
- Gje barna kjennskap til kvifor vi feirar dei ulike høgtidene
- Gje barna kjennskap til Gud og Jesus
- Gje barna røynsler som gir innhald i sentrale begreper som rettferd, ærlegdom og nestekjærleik
- Lære å løyse konflikhtar, ta omsyn og vise omsorg overfor kvarandre.

Døme: Turar i nærmiljøet og på ulike arbeidsplassar, hjelpe til med praktiske oppgåver i barnehagen, samlingstunder om høgtidene, songar, bøker, samtale/undring over skaparverket, dele leikar, løyse konflikhtar samt ha respekt for andre si meining.

e. Mål for natur, miljø og teknikk.

- Medverke til at barna blir kjende planter, dyr årstider og ver
- Lære barna og bli gla i og ta vare på naturen
- Utvikle dei matematiske røynslene til barna gjennom praktiske oppgåver
- La barna få grunnleggjande røynsle med tekniske hjelpemiddel i kvardagen

Døme: Gå på tur i skog og mark, leik, spele spel, lage mat i naturen, setje på oppvaskmaskina, oppleve å lage mat på stormkjøkken, telje kor mange vi er (1-1 korrespondanse), hjelpe til å dekke bordet m. m.

4. Gjennomgåande innhald

a. Leik.

- Leike er den viktigaste aktiviteten i barnehagen. Allsidig leik både inne og ute i skog og mark, er viktig for at barna skal kunne utvikle sine evner og anlegg. Gjennom leiken får barna variert fysisk aktivitet, utvikle seg skapande og intellektuelt, tillegne seg kunnskapar, utvikle seg språkleg, oppleve sosialt samspel, oppleve røynslemessing nærleik til barn og vaksne.
- I leiken tek barna initiativ og engasjerer seg aktivt, noko som verkar positivt inn på barna sjølvkjensle. I barnehagen vekslar vi mellom styrt- og fri leik, leik ute og inne. Det vi kallar frileik kan berre

planleggast indirekte ved å sette av tid til leik og ved å til leggje tirette miljøet. Her betyr det mykje at miljøet er trygt, at barna har tilgang utstyr og at leiken har fast plass i dagsrytma.

- Barna hentar næring til leiken frå erfaringar og opplevingar. Innehalde i den frie leiken kan derfor planleggast indirekte ved å sørge for at barna får allsidige og mangfaldige opplevingar. Felles erfaringar frå turar kan og vere inspirasjonskjelde til leiken.

Mål:

- Sosialtrening i samvær med barn, i små og store grupper
- Utløp for fantasi
- Undre seg og filosoferar over livet sitt mangfald
- Motorisk trening
- Bearbeide kjensler og opplevingar
- Begrepslæring
- Intellektuell utfolding
- Skapande utfolding

b. Garderobe/påkledning

Før måltidet samlast vi i garderoben medan bordet vert dekket. Borna vaskar hendene, og får beskjed om ting som skal skje i løpet av dagen. Ved av og på kledning oppmuntrar vi barna til å prøve mest mogeleg sjølv, prøver å motivere barna til å hjelpe kvarandre.

Mål:

- Verte sjølvstendige, meistre av og på kledning
- Ha omsorg for andre/vere hjelpsame
- Lære og halde orden på plassen sin
- Trening i å kunne ta imot/oppfatte beskjedar
- Det er ein god situasjon for auke ordforråd og dialog med barnet

c. Måltid og matlaging

2 ordensfolk dekkar bordet saman med ein vaksen. Ein gong i veka lagar vi mat i barnehagen. Vi byrjar og avsluttar måltidet med borders.

Mål:

- La ordensfolka få oppleve at dei er til nytte
- Lære gode bordvanar
- Ha det koseleg ilag, oppleve fellesskap/humor
- Barna får høve til å fortelje om opplevingar, snakke om ting dei er opptekne av
- Få trening i å snakke, få utfalde seg i ei gruppe
- Lære å lytte til kvarandre vente på tur
- Utvikle begrep og auke ordforråd
- Samtalen skal vere i fokus
- Den vaksne har ansvar for å sette i gang den frie dialogen

d. Samlingsstund

Vi deler gruppa i 2, eller har felles samling. I samlingsstunda tek vi opp ulike emne gjennom bøker, songar, leiker, dramatisering m.m. Samlingstund er eit fint høve til å ha strukturert språkstimulering

Mål:

- Oppleve fellesskap/gjere noko ilag
- Kulturformidling
- Gje barnet ei oppleving
- Øve opp konsentrasjon

e. Bading

Ei gruppe barn og vaksne reiser på bading i Førdehuset fredagane.

Mål:

- verte fortruleg med vatnet
- meistre av / påkledning
- kontakt med det enkelte barn
- verte kjend med Førdehuset

f. Stelle/toalett situasjonen

Det er viktig at barnet opplever toalettbesøk som ein trygg situasjon. Barnet må få bestemme kven av dei vaksne som får vere med i stellesituasjonen/toalettbesøket. Det er viktig at barnet får høve til å gje beskjed om når det er "klar" for å verte skifta på.

Mål:

- dei vaksne skal vise respekt for barnet sin identitet
- den vaksne må ivareta barnets rett til å bestemme
- det er viktig at den vaksne motiverer barnet for å gå på do
- barnet kan lære at det er praktisk å gå på do før dei går ut
- personalet må jobbe for å gje ro rundt do situasjonen
- personalet skal leggje vekt på samtale og læring av ord/uttrykk i stellesituasjonen

g. Førskule/"Sol-klubb"

Klubben er eit tilbod for dei barna som skal byrje på skulen komande haust. Målet er å gje barna noko anna enn det vi elles gjer i barnehagen, og som er "deira".

Av innhaldet kan vi nemne:

- turar med barn frå begge avdelingane
- bruke lavvuen som base
- eventyr og dramatisering
- besøke barneskular
- leik med språket
- trafikkklæring
- avslutningstur

5. Arbeidet med sosial kompetanse, språk, tekst og kommunikasjon og inkluderande barnehage.

a. Arbeidet med sosial kompetanse.

Målet er at arbeidet med sosial kompetanse vert innlemma i det meste av arbeidet i barnehagen. Både i samlingstunder med val av ulike tema, i garderobe, ved påkledning, måltid, på bading, i leikegrupper og på turar. I barnehagen er det mange ulike barn (og vaksne) som skal fungere, utvikle seg og ha det kjekt ilag. For å kunne fungere godt ilag med andre menneske, treng ein sosialkompetanse: spelereglar som gjer at ein kan fungere saman med sine medmenneske og i samfunnet generelt.

Positive sosiale handlingar og holdningar utviklar seg ikkje av seg sjølv *berre barna er ilag*. Rammeplan for barnehagen slår fast: Det trengst eit medvete haldnings- og oppsedingsarbeid. Målet for den sosiale oppsedinga blir å stimulere utviklinga av sjølvstendige, fornuftige og kjenslevare individ som har evne til å ta omsyn og vise omsorg for andre og som kan samarbeide.

Sosial kompetanse er eit vidt tema, vi vil særleg konsentrere oss om fylgjande:

Barn skal lære å vise respekt for kvarandre

- Uttrykke egne behov, også munnleg
- Lytte til andre sine meiningar

Observere:

- Om barna tør å snakke/ha sine egne meiningar
- Lytte til andre

Korleis skal dei vaksne oppføre seg:

- Dei vaksne kan snakke til dei usikre barna på tomannshand og spørje kva dei ynskjer har meining om. Slik kan dei målbære barna si meining i situasjonar der barnet kanskje ikkje vil uttrykke seg.
- Dei vaksne må vere ordstyrar. Personalet bør snakke med dei barna som er mest opptatt av og prate og mindre opptatt av å lytte.

Organisering av arbeidet:

- Dele barna inn i mindre grupper.
- Dei vaksne må vere samkjørt i dei grunnleggjande verdiane. Vi må kjenne barna sine ressursar og diskutere barnegruppa ofte på avdelingsmøta.

Barna skal lære seg å samarbeide

- Barna skal leike/samarbeide med andre barn
- Dele med kvarandre

Korleis skal dei vaksne oppføre seg:

- Dei vaksne skal oppmuntre barna til å hjelpe kvarandre, leike og arbeide ilag.
- Dei vaksne roser barna når dei gjer dette.

Organisering av arbeide:

- Dei vaksne må delta aktivt. Organisere gruppa slik at det er mogeleg for barna å hjelpe kvarandre. Setje i gang felles arbeid og aktivitetar.

Barna skal lære seg å førebyggje konflikhtar:

- Dele goda
- Spørje om leiker/utstyr er ledig

Korleis skal dei vaksne oppføre seg:

- Oppmuntre barna til å dele. Dei vaksne må syte for ei rettvis fordeling av goda: t.d. sjå til at ikkje dei same barna "alltid" har sykkel.....hjelp barna å sette ord på ynskjer/behov

Organisering av arbeidet:

- Dei vaksne må delta for å fange opp kva som skjer. Systematisk observasjon av leik og samspel.

b. Språk tekst, og kommunikasjon.

TRAS

TRAS er Tidleg registrering av språkutvikling.

I "språkpakken" finn ein desse komponentane:

SAMSPEL:

☐ Viser barnet interesse for å leike med andre, t.d. leke rolleleik

KOMMUNIKASJON

☐ Verbal og ikkje verbal evne til å uttrykkje seg

☐ Innefattar alt frå å henvende seg til noko, til å kunne fortelje historier

☐ Språk er eit grunnlag for fellesskap

MERKSEMD

☐ Halde fokus på ein aktivitet – leik

☐ Sile vekk inntrykk/informasjon

SPRÅKFORSTÅING

☐ Ta imot beskjed og utføre den adekvat

☐ Forstå innhald/meining med ord og omgrep

SPRÅKLEG MEDVIT

☐ Leike med språket og språket si form

UTTALE

☐ Viktigare med språkforståing enn rett uttale

ORDPRODUKSJON

☐ Ordforrådet til barnet, om det er vidt eller snevert

☐ Grammatikk

SETNINGSPRODUKSJON

☐ Om barnet kan snakke/fortelje utover det som er her og no

☐ Å kunne stille spørsmål

TRAS er inndelt i 8 felt som handlar om til døme språk, kommunikasjon, uttale og samspel. Kvart felt er igjen delt inn i tre aldersgrupper. Frå 2 – 5 år. Gjennom samtale og observasjon av barnet skal ein fylle ut dei område barnet meistra. Det barnet meistrar delvis, kan ein skraverer feltet.

Solvang Barnehage har som mål å registrere dei barna som har behov for ekstra støtte, og kan trenge oppfølging i skulen.

c. Solvang Barnehage sine mål for eit inkluderande tilbod.

Vårt mål er å lage eit tilrettelagt tilbod etter barna sine behov.

- Vi ynskjer å ha hovudansvaret for å byggje opp kunnskap, og å sette opp mål for barna med særskilde behov.
- Vårt ynskje er at barna vert godtatt for den dei er, og utviklar vennskap/tryggleik i barnegruppa.
- Det er viktig med balanse mellom individuell opplæring og gruppeinkludering. Vi må vere obs på å unngå isolasjon.
- Ein må "ufarleggjere" dei barna med unormal oppførsel og sjå på barn med særskillebehov, som ressursskapande i barnehagen.
- Foreldra må vere med å avgjere innhaldet i tilbodet. Det er viktig med informasjon og å vere open for planar og opplegg. Foreldra har best kjennskap til barnet sitt behov.
- Personalet har plikt til å skaffe seg fagekspertise. Dei må ta utgangspunkt i dei andre barna sine ressursar og evne til samspel.

Våre erfaringar:

Solvang Barnehage har ein 50% ekstra pedagog ressurs, som vi vel å bruke til å leggje tilrette tilbodet i barnehagen. Barnehagen har god erfaring med å arbeide i mindre grupper og å vere strukturert i planar og trening. Vi meiner det er viktig å fordele kunnskap og kompetanse på alle i personalgruppa. Dette gjer vi ved å trekke inn ulike personar i treningsøkta, saman med spesialpedagog. Vi frigjer areal ved å ha fleire barn ute heile dagen. Vi ynskjer nært samarbeid med foreldra/føresette og oppfordrar til hyppige foreldresamtalar.

6. Foreldresamarbeid

Utgangspunktet for barnehagelova er at det er foreldra som har hovudansvar for oppseding og omsorg for barnet. Barnehagen skal derfor drivast i nær forståing med heimen. (Jf. Lov, føreskrifter, rammeplanen og formålsparagrafen)

Eit nært samarbeid mellom heimen og barnehagen er viktig for barna sin trivsel og utvikling. Dette er ei spesiell utfordring for vår barnehage, som er ein livssynsbarnehage, men som mottok barn frå heimar med ulikt livssyn. Grunnlaget for eit godt samarbeid er gjensidig tilt. Foreldra må vere trygge på at dei kan ta opp alt som opptar dei i høve til barnet, sjølv om det medfører kritikk av barnehagen. Foreldra kan vere trygge på at opplysningar som barnehagen får, ikkje vert missbrukt eller går til uvedkomande (jf. Teielovnaden)

Foreldresamtale: Ein eller to gongar i året tek barnehagen initiativ til samtale om det enkelte barn. Då kan føresette og pedagogisk leiar i fred og ro

utveksle informasjon og snakke om barnet sin trivsel og utvikling. Dersom foreldra eller barnehagen ynskjer det, kan ein ha slike samtalar fleire gongar i året.

Foreldremøtar: Vanlegvis har vi foreldremøtar to gongar i året. Eit om hausten med val av foreldrerepresentantar og informasjon. Eit om våren der vi tek opp eit aktuelt emne og eventuelt evaluering av barnehageåret.

Foreldreråd: Foreldrerådet består av alle føresette/foreldre til barna. Foreldrerådet skal fremme samarbeid mellom heim og barnehage. Foreldrerepresentantane i Samarbeidsutvalet er automatisk styre i foreldrerådet.

Samarbeidsutvalet: Er eit organ for foreldre, eigar og personalet. Utvalet har ansvar for godkjenning av budsjett og Årsplanar.

Foreldrekaffi: minst ein gong i halvåret

Andre arrangement: Solidaritetskafé, påskefrukost , sommaravslutning,

Brukarundersøking: Frå Førde kommune kjem det ei undersøking annakvart år.

Foreldra som ressurs i barnehagen: Vi ynskjer oss eit aktivt foreldreråd.

Personalet må gje konkrete oppgåver til foreldrerådet.

7. Personalsamarbeid

For å kunne skape eit godt og triveleg miljø for barna må dei vaksne ha det godt og trivast i barnehagen. Ein viktig faktor når det gjeld trivsel, er at dei vaksne får bruke sine ressursar og utvikle seg fagleg.

Samarbeidsformer:

Avdelingsmøte: Møte for personalet på avdelinga ein gong i veka. Personalet frå motsatt avdeling passsar borna medan det er møte. På møta planlegg ein arbeidet på avdelinga.

Personalmøte: Møte for heile personalgruppa ein gong i månaden på kveldstid. Møtet skal brukast til felles planlegging, informasjon og pedagogiske emne.

Pedagogisk leiarmøte: Møtet er ein gong kvar 14. dag. Møtet er for pedagogane. På møtet vert det tatt opp koordinering av oppgåver, felles planlegging, pedagogisk innhald og informasjon.

Planleggingsdagar: 5 dagar i året til planlegging av pedagogisk innhald i barnehagen.

Det er viktig å få rettleiing på det daglege arbeidet ein gjer i barnehagen. Personalet bør gje kvarandre ros og konstruktiv kritikk til kvarandre.

Ein gong i året får personalet tilbod om medarbeidarsamtale med ein overordna. Medarbeidarsamtalen bør innehalde refleksjon over arbeidet i barnehagen. Tilbakemeldinga bør kome som ros og konstruktiv kritikk.

Solvang barnehage vil ha som mål å lage prosedyrar for korleis vi handterer uenighet og interessekonfliktar. Det vil verte prøvd å praktisere samtalemøte mellom partar, som er i konflikt. Det er viktig at vi utarbeidar rutinar for korleis vi vil gjennomfører slike samtalar.

8. Vurderingsarbeid


”Ostekaka”

Å ete ostekake er godt, men kan vere kvalmande i store mengder, så vi vel å ta eit stykke (eller to) om gongen.

Slik gjer vi med evalueringa i arbeidet i barnehagen.

Evalueringsstemaet vert sett opp år for år i ulke tema og synsvinklar.

Temaet og dato for evaluering vert plassert som kakestykke i sirkelen.



Når vi evaluerer stiller vi spørsmåla slik:

1. Korleis lyder måla for arbeidet? Korleis har vi jobba for å nå måla?
2. Har vi nådd måla ved det vi har gjort?
3. Kva er mål for vidare arbeid.

Når vi evaluerer må alle i personalgruppa svare på spørsmåla og vi tek spørsmål for spørsmål og skriv opp svaret på flippover.

Plan for evalueringstidspunkt.

Januar: Evaluere på planleggingsdagen. Sette opp tema for heile året.

Mars: Bruke personalmøtet, der vi ser tilbake på det vi evaluerte i januar.

Korleis går det? Er måla realiserbare?

Mai: Evaluere eit nytt tema på planleggingdagen

Juni: Bruke foreldra som evalueringsgruppe. Bruke barneintervju.

August: Evaluere eit nytt tema på planleggingsdagen. Sette mål for vidare evalueringsarbeid.

Oktober: Evaluere på planleggingsdagen. Vi ser tilbake på tidlegare mål og vurderar vidare arbeid.

November: Bruke foreldregruppa som evalueringspart. Undersøking , referansegruppe eller foreldresamtalar. Barneintervju eller barnemøte. Samle observasjonsmateriale eller anna pedagogisk dokumentasjon.

Årsmelding m/vurdering

Undervisningsetaten lagar ei samla årsmelding frå etaten. Årsmeldinga er ein informasjon og vurdering av arbeidet samla sett i etaten siste året.

Dokumentasjon på bruken av ressursar i forhold til barna sitt utbytte i skular og barnehagar skal kome fram.

Den skal vurdere om handlingsplan er nådd, og konklusjonar for arbeidet framover.

Som grunnlag for etaten si årsmelding blir eiga årsmeldinga sendt ut til kvar barnehage/skule. Spørsmåla er basert på handlingsplan og områder som har hatt fokus siste året. I alle skular og barnehagar skal det ligge dokumentasjon til grunn for årsmeldinga.

Årsmeldinga til skulane / barnehagane har 4 funksjonar:

- den skal fremme refleksjon i kvar barnehage og skule og få fram den enkelte skule/barnehage sin pedagogiske utvikling siste år
- den skal få fram resultat og vurdering av barna/elevane sitt læringsutbytte.

den skal gi skulesjefen eit bilete av om kompetanse - og leiarutvikling gir resultat.

gi skulen/barnehagen høve til å gi informasjon til skulesjefen

Vurdering av skulen/barnehagen si utviklingsplan, og resultat av arbeidet går inn i årsmeldinga.

Årsmeldinga skal også danne grunnlag for skule og barnehagebesøk

Utviklingsplan

Alle skular og barnehagar sender inn årsmelding for si verksemd.

Utviklingsplan er eit reiskap som sikrar at kvar barnehage/skule arbeider systematisk med utvikling av verksemda. Den skal gi informasjon om barnehagen/skulen faglege satsingsområde.

Utviklingsplan skal også danne grunnlag for skule og barnehagebesøk.